

Møteprotokoll

for

Plan- og kommunalteknisk utval

Møtedato: 14.06.2023
Møtestad: Heradsstyresalen - Rådhuset Lonevåg
Møtetid: kl. 13:00 - 15:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Mjøs	H	Utvallsleiar
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Kjellaug Hartveit	SP	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Marit Adelsten Jensen	MDG	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat
Arnstein Øvsthus, Tore Johan Erstad

Sakliste

Saknr	Tittel
058/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
059/23	Godkjenning av møtebok
060/23	Delegerte saker
061/23	Forvaltning av hjort - Kriterium for fri kalveskyting
062/23	145/48 Nordre Reigstad - Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak - oppføring av uthus/dokkehus og utviding av terrasse
063/23	Byggesak GBNR 119/21 Teppstad - Søknad om dispensasjon til oppføring av mellombels brakker
064/23	Gbnr 145/49 - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom
065/23	Klage til Detaljregulering Holmane næring, Fotlandsvåg - PlanID 46302013004
066/23	Delingssak GBNR 103/5 Hanstveit - dispensasjon og søknad om løyve til tiltak - arealoverføring til 103/119
067/23	Andre saker/spørsmål

058/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

14.06.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ingen vara for Marit Adelsten Jensen, MDG.
4 av 5 medlem/varamedlem tilstades.

Administrasjonen var forsinka, utvalsleiar sette forslag om å handsame sak 061/23 til slutten av måte i påvente av administrasjonen.

Utvalsleiar varsla tilleggsak til slutten av møte: Handsaming av tidssensitive saker i perioden mellom utvalet sitt møte i juni og august 2023.

Øyvind Litland, H, varsla spørsmål om leidningar som flyt i Mjeldavatnet ved sanatoriet.

Alf Terje Mortensen, FRP, varsla spørsmål om vassleidning som flyt i Hjellvikvågen.

Alf Terje Mortensen, FRP, varsla spørsmål om sak 046/23 Husvogn på Hundhammer.

PL - 058/23 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent med endring.

059/23: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå vert godkjend.

14.06.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ingen merknader til møteboka.

PL - 059/23 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 24.05.23 vert godkjend.

060/23: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

14.06.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 060/23 VEDTAK:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

061/23: Forvaltning av hjort - Kriterium for fri kalveskyting

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren kan gje løyve til fri kalveskyting etter søknad. Følgjande alternative kriterium skal leggst til grunn:

- Søknaden gjeld vald med godkjent bestandsplan
- I jordbruksområde med interesse- og arealbrukskonfliktar av monaleg omfang
- Der omsyn til trafikktryggleik gjer seg gjeldande
- I område med høg førekomst (tettheit) av hjort
- Søknad må vere motteke seinast innan 15. august 2023

I tillegg gjeld følgjande:

- Kommunedirektøren kan på eige initiativ, sjølv om søknad ikkje er motteke, gje løyve til / tilbod om fri kalveskyting i område der kriteria angitt ovanfor gjer seg gjeldande.»

14.06.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slikt felles tilleggsframlegg: Andre setning vert endra til: "eit av følgjande kriterium skal leggst til grunn." Slik at det ikkje vert noko misforståing blandt dei som vurderer å søkje. Me må tydeleggjera at ikkje alle kriteria må vera oppfylt for å få innvilga fri kalveskyting.

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Alf Terje Mortensen, FRP, sitt felles tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

PL - 061/23 VEDTAK:

Kommunedirektøren kan gje løyve til fri kalveskyting etter søknad. Eit av følgjande alternative kriterium skal leggast til grunn:

- Søknaden gjeld vald med godkjent bestandsplan
- I jordbruksområde med interesse- og arealbrukskonfliktar av monaleg omfang
- Der omsyn til trafikktryggleik gjer seg gjeldande
- I område med høg førekomst (tettheit) av hjort
- Søknad må vere motteke seinast innan 15. august 2023

I tillegg gjeld følgjande:

- Kommunedirektøren kan på eige initiativ, sjølv om søknad ikkje er motteke, gje løyve til / tilbod om fri kalveskyting i område der kriteria angitt ovanfor gjer seg gjeldande.

062/23: 145/48 Nordre Reigstad - Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak - oppføring av uthus/dokkehus og utviding av terrasse

Rådmannen sitt framlegg:

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova 29-4, 2. ledd til oppføring og utviding av terrasse på gnr. 145 bnr. 48, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Søknad om oppføring av uthus/dokkehus 0,8 meter frå nabogrensa vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 29-4, 3. ledd, bokstav b.

Søknad om oppføring av uthus/dokkehus og utviding av terrasse vert godkjend, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3, 21-4 og 29-4."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

14.06.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 062/23 VEDTAK:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova 29-4, 2. ledd til oppføring og utviding av

terrasse på gnr. 145 bnr. 48, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Søknad om oppføring av uthus/dokkehus 0,8 meter frå nabogrensa vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 29-4, 3. ledd, bokstav b.

Søknad om oppføring av uthus/dokkehus og utviding av terrasse vert godkjend, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3, 21-4 og 29-4.

063/23: Byggesak GBNR 119/21 Teppstad - Søknad om dispensasjon til oppføring av mellombels brakker

Rådmannen sitt framlegg:

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunen gjev mellombels dispensasjon for 2 år frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a og 11-9 nr. 5 til oppføring av mellombels brakker på gnr. 119 bnr. 21, jf. plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3 på følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld i inntil 2 år frå vedtaksdato.
- Når dispensasjonstida går ut skal tiltakshavar fjerne brakkene og tilbakeføre arealet til LNF-føremå, jf. plan- og bygningslova § 19-3.
- Frist for innsending av dokumentasjon som syner at arealet er tilbakeført til LNF-føremål er 30.06.2025."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

14.06.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 063/23 VEDTAK:

Kommunen gjev mellombels dispensasjon for 2 år frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a og 11-9 nr. 5 til oppføring av mellombels brakker på gnr. 119 bnr. 21, jf. plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3 på følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld i inntil 2 år frå vedtaksdato.
- Når dispensasjonstida går ut skal tiltakshavar fjerne brakkene og tilbakeføre arealet til LNF-føremå, jf. plan- og bygningslova § 19-3.
- Frist for innsending av dokumentasjon som syner at arealet er tilbakeført til LNF-føremål er 30.06.2025.

064/23: Gbnr 145/49 - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom

Rådmannen sitt framlegg:

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plankravet i kommuneplanføresegn punkt 1.2, jf. plan- og bygningslova § 11-9 nr. 1 til oppretting av ny grunneigedom på gnr. 145 bnr. 49, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

14.06.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 064/23 VEDTAK:

Kommunen gjev dispensasjon frå plankravet i kommuneplanføresegn punkt 1.2, jf. plan- og bygningslova § 11-9 nr. 1 til oppretting av ny grunneigedom på gnr. 145 bnr. 49, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

065/23: Klage til Detaljregulering Holmane næring, Fotlandsvåg - PlanID 46302013004

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Plan- og kommunalteknisk utval finn at klage journalført motteke 14.04.2023 ikkje inneheld ny

grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at heradsstyret sitt planvedtak i sak 006/23 vert endra. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering nedanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert på denne bakgrunn sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd»

14.06.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 065/23 VEDTAK:

Plan- og kommunalteknisk utval finn at klage journalført motteke 14.04.2023 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at heradsstyret sitt planvedtak i sak 006/23 vert endra. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering nedanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert på denne bakgrunn sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

066/23: Delingssak GBNR 103/5 Hanstveit - dispensasjon og søknad om løyve til tiltak - arealoverføring til 103/119

Rådmannen sitt framlegg:

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til arealoverføring av parsell på om lag 1,4 daa frå gnr. 103 bnr. 5 til gnr. 103 bnr. 119, jf. plan- og bygningslova § 19-2 på vilkår som fastsett nedanfor.

Vilkår:

Det vert sett vilkår om at ålmenta har fri ferdsle over parsellen til utmark og at dei eigedomane som i dag har vegrett over parsellen får denne vidareført.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring av om lag 1,4 daa frå gnr. 103 bnr. 5 til gnr. 103 bnr.119 på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan vedlagd søknad, jf. pbl. § 29-4.
- Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd."

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om

eigedomsregistrering (matrikkellova) innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med matrikkellova, jf. plan- og bygningslova § 21-9."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket. Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

14.06.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 066/23 VEDTAK:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til arealoverføring av parsell på om lag 1,4 daa frå gnr. 103 bnr. 5 til gnr. 103 bnr. 119, jf. plan- og bygningslova § 19-2 på vilkår som fastsett nedanfor.

Vilkår:

Det vert sett vilkår om at ålmenta har fri ferdsle over parsellen til utmark og at dei eigedomane som i dag har vegrett over parsellen får denne vidareført.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring av om lag 1,4 daa frå gnr. 103 bnr. 5 til gnr. 103 bnr.119 på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan vedlagd søknad, jf. pbl. § 29-4.
- Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med matrikkellova, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

067/23: Andre saker/spørsmål

Rådmannen sitt framlegg:

14.06.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

HANDSAMING AV TIDSSENSITIVE SAKER I PERIODEN MELLOM UTVALET SITT MØTE I JUNI OG AUGUST 2023

Utvalsleiar Aksel Mjøs, H, sette slikt felles framlegg: Utvalsleiar får mynde til å gjera vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, men som skulle ha vore handsama i utvalet, jf. kommunelova § 5-7. Myndet gjeld fram til neste ordinære utvalsmøte 30.08.2023. Ved behov kan utvalsleiar konferera med utvalsmedlemmene før vedtak

AVRØYSTING HANDSAMING AV TIDSSENSITIVE SAKER I PERIODEN MELLOM UTVALET SITT MØTE I JUNI OG AUGUST 2023

Samrøystes vedteke

JAKTTILDELING 2023:

Utvalsleiar sette slikt felles framlegg: Utvalet vedtek å gje administrasjonen fullmakt til å gjennomføra tildeling av fellingsløyver for hjort for jakta i 2023.

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

Øyvind Litland, H, hadde slikt spørsmål: I Haus er det tre leidningar som flyt i Mjeldavatnet ved sanatoriet. Ein vassleidning, ein overvassleidning og eit anna rør, eit av dei har vore oppe tidlegare. Kan de sjå på saka?

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slikt spørsmål: I Hjellvikvågen har hovudvassleidningen til Hamre begynt å bukte seg. Den har lagt høgt heile tida, men no har den begynt å spenne seg mellom loddene. Kan de sjå på dette samstundes?

Kommunalsjef Arnstein Øvsthus undersøker dette til neste møte.

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde i tillegg slikt spørsmål: I sak vedk. husvogn på Bruvik PL046/23, er det sendt ut eit nytt brev. I dispensasjonsvedtaket står det: Det vert gjeve løyve i 10år som omsøkt. I denne saka er det no sendt ut eit nytt brev der ein ber om vurdering av skredfaren osv. Kvifor kjem dette no?

Leiar, forvaltning og plan Tore Johan Erstad gav slikt svar: Det kan vera slik at det er søkt om dispensasjon i fyrste omgang og det var den søknaden som var behandla i PL 046/23, når det gjeld søknaden om tiltaket må den fylle kriteriene som ved vanlege byggesøknader. Tore Johan Erstad undersøker saka nærare til neste møte.

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slikt oppfølgingsspørsmål: I forbindelse med saka på Hundhammer var eg inne på NVE sitt skredkart, der er området frå Kvisti heilt til Bruvik ligg i utløpssona for snøskred. Tidlegare i vår var me på ei synfaring der tiltakshavar måtte bruke store summar på geolog på grunn av NVE sitt skredkart. Faresonekartet er for grovmaske til å vise reell skredfare/snøskredfare. Korleis kan me få korrigert kartmaterialet slik at me unngår meirarbeid for sakshandsamar og meirkostnad for søkar.

Leiar, forvaltning og plan Tore Johan Erstad gav slikt svar: Eg er ikkje kjent med kva kartdata NVE nyttar, men dette kan me notere oss.

PL - 067/23 VEDTAK:

VEDTAK JAKTTILDELING 2023:

Plan- og kommunalteknisk utval gjer administrasjonen fullmakt til å gjennomføra tildeling av fellingsløyver for hjort for jakta i 2023.

VEDTAK HANDSAMING AV TIDSSENSITIVE SAKER I PERIODEN MELLOM UTVALET SITT MØTE I JUNI OG AUGUST 2023

Utvalsleiar får mynde til å gjera vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, men som skulle ha vore handsama i utvalet, jf. kommunelova § 5-7. Myndet gjeld fram til neste ordinære utvalsmøte 30.08.2023. Ved behov kan utvalsleiar konferera med utvalsmedlemmene før vedtak.

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Kjellaug Hartveit og Øyvind Litland

Lonevåg, 16.06.2023

Hilde Revheim Sture
Sekretær